



Tårnagentane gjorde seg sterkt gjeldande i gudstenesta

Tårnagentane har vore svært flinke. Dette har vore kjempegøy. Slik konkluderte sokneprest Kristian Due då årets tårnagenthelg var over i føremiddag. Då kunne dei 11 agentane - dei fleste 8 år og nokon 9 - slappa av i forvissningen om at dei hadde løyst oppdraga sine godt. Dei runda av med å gjera seg sterkt gjeldande i ei godt besøkt gudsteneste, mellom anna med songen sin. Første tårnagenthelga var i fjor og denne var like vellukka.

Det var framfor alt om laurdagen ting skjedde, Då var dei 11 til dømes verkelege tårnagentar i og med at dei var ein tur oppi tårnet, sjølv sagt medan dei vart passa godt på. Skattejakt var også ein viktig post på programmet.

Torill Langeland som driv med trusopplæring var ein viktig medhjelpar i opplegget og under presentasjonen i kyrkja.

Det skjedde litt av kvart også ellers under gudstenesta. Denne gongen satt det 2 på organistkrakken - ungjentene Ingebjørg Haugland frå Uskedalen og Lovise Aartun Bergane - og dei løyste si oppgåve framifrå.

8-åringane fekk som rimeleg var ei bok om skattar og 5.-klassingane ei Bibelsoge. Det heile vart runda av med kyrkjekaffe og der var soknerådet sterkt mobilisert.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Joachim Sjo Musland (agent) og Reidar Myklebust (soknerådsmedlem) lyser opp mot klokka (Foto: Nelly Kjærland)